



## Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet  
Boks8030 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: 086-412 OG

Hovdebygda, 27. juni 2013

### Høyringsfråsegn om Kulturutredningen 2014

Nynorsk kultursentrum takkar for invitasjonen til å gi ei høyringsfråsegn om Kulturutredningen 2014. Styret drøfta saka i møte 4. juni.

Viljen til å gjennomføre ei uavhengig og kritisk vurdering av eit så stort tiltak som Kulturløftet 1 og 2 er svært positiv. Undervegs i arbeidet møtte representantar for styret i Nynorsk kultursentrum leiaren og sekretæren i utvalet, og vi gav nokre skriftlege innspel der vi særleg framheva politikk for nynorsk.

Analysen i utgreiinga er solid og politisk relevant. Den avsluttande politiske delen hadde vi derimot venta meir av. Om lag 90 prosent av stoffet kan reknast som analyse, medan handlingsdelen og politikken ikkje utgjer stort over 10 prosent. Vi les då kap. 3–12 som analyse, kap. 13–15 som handling. Den største vansken dette kan skape, er kanskje at mange funn, overordna synspunkt og konklusjonar i analysedelen ikkje blir følgde opp og utdjupa nok i politikkdelen.

#### Prinsippet nynorsk

Nynorsk kultursentrum har ved fleire høve dei siste åra streka under og mint om *prinsippet nynorsk*. Med brei tilslutning frå Stortinget blei dette offisiell norsk politikk frå og med språkmeldinga. Omsynet til nynorsk skal alltid vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert.

Mest skuffande for oss er det at denne språkpolitiske sida av saka ikkje er følgd opp. Prinsippet nynorsk burde ha vore følgt betre opp etter drøftinga i Stortinget, og vi har mint om det i fleire høyringsfråsegner dei siste åra. Jamvel Kulturdepartementet har sett til sides dette prinsippet i fleire av dei største språkpolitiske sakene – pressestøtte, bokbransjeutgreiingar, boklov. Utvalet nemner prinsippet nynorsk, men følgjer ikkje opp sin eigen analyse på dette punktet.

#### Språk og demokrati

I utgreiinga er kapittel 8 om demokrati, rettferd og mangfald eit av dei viktigaste. Det er også det kortaste.

Dei fleste av oss lever i skiftande fleirtal og mindretal, alt etter yrke, høve, privatliv. Kulturpolitikken etter 2014 må formast i lys av dette og ta sikte på å fremje auka forståing for verdien av mindretal. Kva rettar ulike mindretal oppnår, er avhengig av kva plikter fleirtalet



er villig til å ta innover seg. Der er fleire slike grunnleggjande samanhengar – og moglege problem – mellom demokrati og kulturpolitikk.

Mangfald er for oss å prioritere og klargjere tyngdepunkt. Mangfald er ein måte å tenkje på. Dette omgrepet seier verken noko om retning eller styrkeforhold og kan dermed kome til å vere avpolitiserande i den forstand at den skjuler konflikhtar som bør fram i lyset.

Stortinget oppheva tilnærmingspolitikken mellom bokmål og nynorsk i 2002, urfolksspråk og historiske minoritetar har fått ein heilt annan posisjon enn dei hadde for ein generasjon sidan, og nye innvandra kulturar har sett mang ein tradisjon i relieff. Berre sidan 2001 har elevar i den norske grunnskulen hatt om lag 200 ulike morsmål. Det historiske mangfaldet skal ikkje vike for eit nytt, men det nye mangfaldet kan gi meir innsikt i kva ein god politikk for mangfald faktisk er. Kulturpolitikken netter 2014 må difor fremje språkleg og kulturell toleranse, og den må fremje respekt for kulturelle og språklege skilnader som ikkje tener til å sementere uønskete sosiale skilander.

I dette ligg også at det blir viktig å etablere ei moderne, framtidsretta forståing av den norske språksituasjonen som kan vinne auka tilslutning det neste tiåret. Det blir også viktig å finne ut kva arenaer som er dei viktigaste for ulike skriftkulturar, og kva offentleg kulturpolitikk kan utrette på desse ulike arenaene.

### Frå analyse til politikk

Det er svært mykje å lære av dei analysane utvalet presenterer. Å skape grunnlaget for noko som kunne bli eit kulturpolitisk paradigmeskifte, er mykje meir krevjande i dag enn då den nye kulturpolitikken blei forma i 1970-åra. Både institusjonane og forvaltninga, aktørane og politikarane er blitt meir profesjonelle og fagleg meir skarpskodde. Difor er det også lengre mellom dei uventa, nye tankane enn før.

Det kan for så vidt aldri bli for mykje analyse. Å forstå er ein nødvendig føresetnad for å handle klokt. Likevel kan denne tyngda av analyse også påverke den politisk skapande rammevilkåra for store delar av kulturlivet. Vi er av dei som har lagt stor vekt på verdien av sjølvstendige kulturinstitusjonar. Når ein så grundig analyse blir lagd på bordet, er det i røynda uråd for dei fleste å etablere heilt andre forståingsmåtar. Den utgreiinga som argumenterer godt og tydeleg for nettopp sjølvstendige institusjonar, kan kome i skade for å avgrense den debatten som no blir ført på kulturfeltet de neste åra.

### Krav til den lokalpolitiske arenaen

Kulturpolitikken etter 2014 skal dermed formast innanfor spennet mellom ein stat med mykje pengar, ei lokal forvaltning med varierende kompetanse og private kjelder med auka profesjonalitet. Slik vi ser det, er den statlege kulturforvaltninga og mange av kulturinstitusjonane vesentleg sterkare no enn for eit par tiår sidan. Den regionale kulturforvaltninga er derimot høgst variabel, i mange kommunar urovekkjande nært ordet *svak*. Musea er etter vår meining ein viktig del av det utvalet kallar den lokale kulturelle grunnmuren, men dette viser lite att i utgreiinga. I dette ligg også ei spenning mellom lokal tilknytning og auka profesjonalisering.

Prinsippet om ei armlengds avstand i kulturpolitikken må stå fast. Vi saknar både i det offentlege ordskiftet og i utgreiinga ei meir handfast drøfting av behovet for å etablere det same prinsippet også i den lokale kulturpolitikken. Statsforvaltninga har mang ein gong vist større tolmod med utviklinga og profilen i kulturinstitusjonar enn lokalforvaltninga og deira politisk overordna gjer.


## Sjølvstendig styring for kulturinstitusjonane

Norske museum er blitt mykje større organisasjonar det siste tiåret. Det bør vise att på den måten at dei utviklar meir sjølvstendige og ulike profilar. Korleis dei kan gjere dette, bør ikkje staten eller andre offentlege styresmakter meine for mykje om. Vi gler oss over at utvalet argumenterer sterkt og godt for at den statlege styringa må leggjast om, og at utvalet her ser lengre enn til pengane.

Det har vore eit ganske vanleg problem at kunst og kultur jamleg må rettferdiggjere sin eksistens. På den eine sida kjem ein instrumentell kulturpolitikk til kort i det viktige arbeidet med å minke og motarbeide sosiale skilnader. På den andre sida kan ein kulturpolitikk utan sosiale koplingar bere gale av stad. Ein kjem lengst ved å leggje til grunn at kulturpolitikken ikkje kan løyse problem som oppstår på andre samfunnsområde.

Det bør opnast for den tanken at kultur mellom anna dreiar seg om ein del spørsmål som det tradisjonelle politiske feltet ikkje utan kan svare på eller svare for. Å peike på dette og samstundes meine, som vi gjer, at kulturinstitusjonar skal vere til nytte for nokon, er inga sjølvmotseiing.

Med venleg helsing  
Nynorsk kultursentrum

  
Reidar Sandal  
styreleiar

  
Ottar Grepstad  
direktør